

Olje- og energidepartementet
v/ ekspedisjonssjef Andreas H. Eriksen og underdirektør Anja Skiple Ibrekk
Postboks 8148 Dep
0033 Dep


Fitjar, 01.10.2019

Innspel til områda i Stord og Fitjar som inngår i forslaget til utpekt område 51 «Sunnhordland og Haugalandet»

Me syner til olje- og energidepartementet si høyring om forslag til ei «Nasjonal ramme for vindkraft på land». Høyringsfristen er 1. oktober 2019. Me sender her merknader til forslaget frå NVE som er lagt fram i rapport nr. 12-2019 med kartdel.

Stord-Fitjar Turlag vart stifta 14. mars 1994. Laget har nå over 1200 medlemmer og er eit lokallag under Bergen og Hordaland Turlag og Den Norske Turistforening. Vårt føremål er å stimulera til sikkert og miljøvennleg friluftsliv for alle som bur i, og som vitjar Stord og Fitjar. Våre viktigaste oppgåver er å arrangera fellesturar og driva kulturarbeid i fjellet, samt merka, varda og vedlikehalda stiar. Me vil og vera til hjelp for dei som tek ut på tur åleine. Turlaget skal samarbeida med grunneigarar, lag og organisasjonar som har interesser i same området. Me ynskjer og å sikre turområder mot tekniske inngrep t.d. motorisert ferdsel og utbygging

Stord og Fitjar kommune inngår i forslag til «utpekt område» nr. 51 «Sunnhordland og Haugalandet».



Figur 1 Fitjar og Stord kommune ligg i den nordvestlege delen av forslaget til utpekt område 51 «Sunnhordland og Haugalandet».

NVE skriv i forslaget, s. 5 i rapport nr. 12-2019, følgjande «Den nasjonale rammen for vindkraft skal definere større områder, og den skal ikke være prosjektspesifikk. NVE tolker disse føringene fra OED som at hvert av områdene som pekes ut i vårt forslag bør ha plass til etablering av mer enn ett relativt stort vindkraftverk. Erfaringer fra tidligere ressurskartlegginger indikerer at områder med gode tekniskøkonomiske forutsetninger for vindkraft i Norge er godt spredt, og ikke utgjør store, sammenhengende områder. For å kunne levere kart med større områder inkluderer vi derfor både potensielle utbyggingsområder og mellomliggende arealer i de områdene vi peker ut».

Me vil opplyse departementet om at det for Fitjar sin del allereie er etablert eit større vindkraftverk, Midtfjellet vindkraftverk, med installert effekt 150 MW og ein estimert årsproduksjon på 510 GWh. Vindkraftverket har 55 vindturbinar. Me meiner at det må takast omsyn til samla last og sumverknader i område 51 «Sunnhordland og Haugalandet», og at tildelte energikonsesjonar og tyngre, tekniske omsyn må leggjast til grunn i arealforvaltinga.



Figur 2 Forslaget frå NVE til «Nasjonal ramme for vindkraft på land». Utsnitt av areal som ligg ope areal innanfor forslag til «utpekt område» på Stordøya. I ope areal heilt i nord på Stordøya ligg Midtfjellet vindkraftverk med 55 vindturbinar.

Me vil peike på at området sør for vindkraftverket i forslag til «utpekt område» på Stordøya har ei viktig tyding for lokalsamfunnet, er svært attraktivt for friluftslivet og rekreasjon, og området utgjør eit siste inngrepsfritt areal på Stordøya. I området sør for vindkraftverket føreligg det verdier knytt til folkehelse, friluftsliv, landskap, kulturminner, naturmangfald og «sammenhengende naturområder med urørt preg». Det føreligg samanfall mellom natur- og friluftslivsverdier med stor verdi og «sammenhengende naturområder med urørt preg», og det vil difor føreligge motstrid med nasjonale retningslinjer å lokalisere vindkraftverk i dette området, jf. avsnitt 3.6 og 3.10 i retningslinje T-2/16 og departementet sine eigne retningslinjer for ivaretaking av «sammenhengende naturområder med urørt preg». I dette området føreligg det også nasjonale og regionale verdier. I området sør for vindkraftverket finn vi det verna vassdraget

Røydlandselva (vassdragsnr. 044.5Z), som utgjer ein nasjonal verdi, jf. T-2/16. Vassdraget vart verna i samband med verneplan for vassdrag IV i 1993. I vernegrunnlaget vert det skildra: «*Vassdragets elver og mange vann er sentrale deler av et variert og åpent kystlandskap med koller og slake dalsider. Elveløpsformer, botanikk, fuglefauna og vannfauna inngår som viktige deler av naturmangfoldet. Viktig for friluftslivet*».

I regional friluftslivskartlegging har fjellområda på Stordøya friluftslivsområder som er rekna som «Svært viktig» (A-verdi). På Huglo-Storsøyo er det regional friluftslivsområde i strandsona verdisatt som «Viktig» (B-verdi). Vi ber departementet leggje til grunn kartlegging og verdisetting av friluftslivsområde etter rettleiar M98/2013 frå Miljødirektoratet og regional kartlegging i Hordaland.


Sør for vindkraftverket ligg Grønafjellet. På Grønafjellet er det registrert viktig naturtypar etter DN-håndbok 13. Her finn vi naturtypar som «kalkrike områder i fjell» på Tindane, Mehammarsåta er det registrert ein naturtype med «Gammel furuskog», ved Heio er det registrert «oseanisk nedbørsmyr», ved Botnabrotet er det registrert «kalkrike områder i fjell», og ved Hetlesæter sør (Rusta – Låvadalen) er det registrert «kystfuruskog». Ved Katnakken er det registrert «verdifull geologisk arv» (kjelde; Norges geologiske undersøkelser).




Bilete 1 Grønafjellet. Foto: Bergen og Hordaland Turlag.

Me meiner at området sør for planarealet for Midtfjellet vindkraftverket på Stordøya må takast vekk frå område nr. 51 «Sunnhordland og Haugalandet». Me meiner også at grepet med «utpekte områder» må utgå frå «Nasjonal ramme for vindkraft på land», og vi ber regjeringa om ikkje å fastsetje ein kartdel med «utpekte områder». Vi ber departementet om at verdiane som ligg i arealet sør for vindkraftverket i forslaget i rapport nr. 12-2019 vert rekna som «ekskludert». Vårt forslag til

eksklusjon for Stord og Fitjar må inngå i kunnskapsgrunnlaget som ei retningslinje i det vidare arbeidet til departementet.



Figur 3 Sommerstier for friluftslivet på Stordøya og Huglo. Kjelde: Ut.no.



Figur 4 Resterande inngrepsfri natur på Stordøya. Eit større samanhengande naturområde med urørt preg er delt mellom Fitjar og Stord. Det er samnfall med nasjonale verdiar knytt til Verneplanen for vassdrag. I tillegg er det regionale verdiar knytt til friluftsliv og naturmangfald. I tillegg er det naturmangfald, landskap og kulturminne verdiar som har samnfall med «større sammenhengende naturområder med urørt preg».

Med vennleg helsing

Gerda Malene Øen
Leiar
Stord-Fitjar Turlag
(Sign.)

Birger Taranger
Gruppeleiar Natur- og miljø
Stord-Fitjar Turlag
(Sign.)

Helene Ødven
Dagleg leiar
Bergen og Hordaland Turlag
(Sign.)

Nicolas Rodriguez
Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag
(Sign.)